

Færøysk-norsk i folkevisediktinga

Av Svale Solheim

Eg minnest ein samtale med Chr. Matras, det må vel ha vore under det nordiske folkeminnemøtet på Røros i 1963, eller kanskje litt etter. Emnet vårt var visa om den såkalla falske Margrete, som vart brend på Nordnes i 1301, og min artikkel om henne. Heilslege tekster finst berre på Færøyane, i Noreg er funne berre eit par fragment. Matras stelte då spørsmålet om ikkje visa kunne vera dikta av ein færøying. Eg måtte vedgå at det prinsipielt godt kunne vera tilfelle, men hevda elles at det var naturleg å tenkja seg at visa var dikta i — eller nær — Bergen av ein som hadde opplevd dei hendingane visa fortel om, på nært hald.

Seinare har eg ofte tenkt på denne samtalen, som har nær samanheng med spørsmålet om relasjonane innanfor det nordiske folkevisedområdet. Granskarane vart stort sett snart samde om at ein både på innhalds- og formkriteriar kunne setja eit skilje mellom eit austnordisk og eit vestnordisk folkevisedområde, og at noko karakteristisk for det vestnordiske området var kjempe- og trollvisene. Men når det gjeld relasjonane innanfor det vestnordiske området, har ulike oppfatningar gjort seg gjeldande. I desse diskusjonane har det vore semje om at Island står i ei særstilling, med di emne for kjempe- og trollviser der jamleg er dikta i rímur-form, og derfor fell utanfor folkevisedområdet i dette tilfellet. Her blir det derfor i hovudsak tale om relasjonen færøysk-norsk. Konkret kan spørsmålet stellast slik: Kva land har vore midpunktet for kjempe- og trollvisediktinga, Færøyane eller Noreg?

Her står to motsette oppfatningar imot kvarandre. Det eine synet er representert av Knut Liestøl, Sverker Ek og H. Grüner-Nielsen. Det går ut på at Noreg var hovudlandet med Bergen som spreiiings-sentrum, og at storparten av kjempe- og trollvisene har spreidd seg derifrå til Færøyane. Det var Liestøl som synte størst interesse for problemet, han har i fleire avhandlingar lagt fram sine argument for dette synet. Han byggjer nok i visse tilfelle på dei resultat Sverker Ek hadde kome fram til, t. d. i diskusjonen om Didriks-visene, men i hovudsak er det egne forskningar som ligg til grunn. Klårast kjem dette fram i t. d. hans drøfting av Hemings-visene i avhandlinga »Hemings-tåtten« (Saga og folkeminne 1941), i »Vestnordisk og austnordisk folkevisedikting« (Edda XVI, 1921) og i oversynsartikkelen »Det norrøne folkeviseområdet« (Saga og folkeminne 1941). Eit par av hans argument for at dei vestnordiske visene hadde norsk opphav, kan det vera av interesse å minna om. I stykket om Hemingståtten (Saga og folkeminne s. 45) peikar han på at drag som er sams for Geyta tåttur og Heming og Harald kongjen er slikt »som ikkje godt kann vera dikta på Færøyane. Sermerkt for visone er at Heming skal vera so god til å rida og hev so gjæv ein hest. Skildringa av gode hestar og av snøgge rideferder er vanleg i norske visor, medan dei færøyske skildrar sjøferder, og at hesten skulde spela ei slik rolle, er uskynelegt ut ifrå færøyske tilhøve«. Kan ein rekna dette for eit tungtvegande argument? Etter mi meining ikkje. Den nordiske balladen har i så stor mon henta emne frå mellomalderleg europeisk riddarliteratur, der riding og strid til hest var vanleg, at det skulde vera fullt forsvarleg å hevda at skildringar av hestar og rideferder er eit tradisjonelt episk drag, lånegods, som like naturleg kunne bli teke opp i færøyske som i norske viser, og dette så mykje meir som hesten heller ikkje i Noreg har vore vanleg som *ridedyr*. I artikkelen »Det norrøne folkeviseområdet« (Saga og folkeminne s. 150) hevdar han om visa Haugebonden (Gullsteinur): »Ho er norsk upphavleg, og dei færøyske variantane stend nærast dei vest-norske uppskriftene frå Lista til Sunnfjord«.

Her kan det vera freistande å snu spørsmålet om: Kan ikkje likskapen med dei vestnorske variantane like godt forklarast slik at visa har vandra til Vest-Noreg frå Færøyane?

Men skal vi heilt ut skjøna Liestøls forskning og den indre samanheng i hans tankegang, må vi påvisa det grunnsyn den kviler på. Dette har han sjølv klårt og knapt formulert slik i den same artikkelen (s. 152): »Det norrøne umrådet er av norsk rot, det er eitt moderland og ei rekkje nybygder«. Dette byggjer på ein allmenn historisk teori, som Liestøl vel har teke over frå historikarane, og som dei enno legg stor vekt på. Og det kan vel ikkje nektast at teorien innanfor visse grenser med rette kan gjerast gjeldande. Eg skal koma tilbake til den seinare.

Som nemnt delte også H. Grüner-Nielsen Liestøls oppfatning av relasjonen færøysk-norsk. Men han bygde her heilt på Liestøls granskingar. Det viser seg tydeleg i hans omtale av Føroya kvæði nr. 1—113 i skriftet: »De færøske Kvadmeli-diers Tonalitet i Middelalderen« (Færoensia vol. 1, Kbh. 1945, s. 17—18): »Den sagapaavirkede Del af Føroya kvæði udgør med sine stereotype Vendinger og Rim og ved sine endeløse Gentagelser tilsyneladende en Enhed. Det er dog tvivlsomt, om denne Digtning fra først af er af hjemlig færøsk Oprindelse. En sagapaavirket Digtning af lignende Art træffes nemlig i Norge. Som paapeget af den norske Professor Knut Liestøl er det af flere Grunde tænkeligt, at Digtarten er opstaaet o. 1300 paa norsk Omraade, særligt vel i Bergen og i Havne-stæder på Vest- og Sydlandet, der igen stod i Forbindelse med de indre Bygder paa Vestsiden og Østsiden af Fjældet. . . . At Visevandringen virkelig er gaaet den Vej bestyrkes yderligere af det Forhold, at enkelte norske historiske Viser, delvis tabte i Moderlandet, findes fuldstændig bevaret i færøsk Nutidsoverlevering, saaledes Viserne om den falske Margrete, brændt paa Nordnæs ved Bergen 1300, og om Audun Hestakorns Henrettelse 1302«.

Eit motsett syn vart gjort gjeldande av E. von der Recke, og dette formulerte han skarpt i avhandlinga: »Folkevise-

studier« (Danske Studier 1907, s. 79 ff.). I stor mon bygde han her på sine granskingar av strofeformer og tradisjonelle form-lar, »parallelsteder«. Av desse meinte han å kunna påvisa ikkje berre det særmerkt vestnordiske, men også det karakteristiske for dei færøyske visene. Ut frå dette hevda han om DgF 298: »Svend af Vollerslöv«, utan atterhald: »Om Visen kan jeg sluttelig ikke afholde mig fra nogle Bemærkninger. At dens Grundlinier renest forfindes i Islandsk, er uimodsigeligt; men at Island desuagtet har faaet den fra Færøerne og ikke omvendt, er ligesaa umiskjendeligt«. Og om DgF 7: »Kong Diderik og hans Kæmper« uttalar han kategorisk at den er »saa udpræget færøisk og saa decideret udansk som vel muligt« (s. 104). I same avhandling (s. 81) samanfatar han sitt syn slik (rett nok på eit anna grunnlag): »Spørger man, hvor Digtningen i Visetiden har udfoldet sin rigeste Blomstring, behøver man blot at se paa Samlingernes Volumina. Allerede disse sige En, at den har to Hovedarnesteder: et østnordisk i Danmark og et vestnordisk paa Færøerne. I hvert af disse viser et System sig udpræget, og i begge fremtræde de skolemæssige Mod-sætninger med den største Skarphed«.

Slik har dette stridsspørsmålet vorte ståande — uavgjort. Ein kan stella spørsmålet: Er det i nordisk viseforskning i dei siste åra lagt fram nye moment, som kan stimulera — og vera til hjelp for vidare granskingar i relasjonen færøysk-norsk? Etter mi meining er det tilfelle. Det har samanheng med det førebuande arbeidet som er gjort med ei vitskapleg utgåve av dei svenske, resp. norske visene (balladane). Som eit naturleg supplement til dei planlagde utgåvene og til praktisk hjelp for forskarar i inn- og utland har styraren av Svenskt Visarkiv, docent Bengt Jonsson og eg utarbeidd ein systematisk katalog over alle nordisk-språklege viser (balladar). Katalogen er ferdig i rå-utkast. Visene er der skipa i hovudgrupper etter det tradisjonelle mønsteret, slik vi finn det i »Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting« og delvis i DgF: Naturmytiske viser, Legendeviser osb., og dei einskilde typane er fikserte etter emne og handlingsgang. For første gong får vi her eit samla

statistisk bilete av dei tilskot dei ulike nordiske nasjonane har gjeve til den nordiske visetradisjonen, og sidan katalogen er utarbeidd etter eit einsarta system, skulle det vera mogeleg å bruka han til jamförande, kvantitative analysar.

Sidan hovudproblemet her er relasjonane innanfor det vest-nordiske området, dvs. Færøyane-Noreg, kan eg avgrensa meg til å gjeva nokre opplysningar om fordelinga av kjempe- og trollvisene. Men for å hindra at lesarane skal få eit skeivt bilete av fordelinga, skal eg gjeva eit par tilleggs-opplysningar om korleis det færøyske materialet er handsama: For det første har vi — på grunnlag av færøysk forskning — skilt ut ei rekkje viser i ballade-form som er dikta på 1800-talet av namnkjende forfattarar. Vi har i det heile teke sikte på å få med viser som det er grunn til å tru har vore munnleg traderte. For det andre har jamføringa med heile den nordiske vise-skatten ført til at vi har måtta oppløysa den særmerkt færøyske tått-skipnaden. Det vil seia at dei aller fleste tåttane i visekatalogen representerer sjølvstendige vise-typar.

Kva fortel så katalogen om fordelinga av kjempe- og trollvisene? (Sidan katalogen ikkje er heilt ferdig, må vi rekna med detalj-feil, som likevel ikkje vil endra heilskapen). Mellom kjempevisene er Færøyane representert med 115 typar, medan Noreg har 27. Til jamføring kan nemnast at Danmark har 40 typar, Sverige 21 og Island 4. Dertil kjem så det einselege Hildina-kvedet frå Shetland. Dette viser ein uvanleg sterk færøysk dominans, som verkar endå sterkare når vi tel opp dei kjempevise-typane som berre finst på Færøyane, resp. Noreg. Då viser det seg at Færøyane er aleine om heile 101 typar, medan det av særnorske kjempeviser berre finst 5. Til utfylling av biletet kan opplysast at 6 kjempevise-typar er sams færøysk-norske, dvs. dei finst ikkje i noko anna nordisk land.

Tilsvarande bilete gjev ei oppstilling av trollvisene. (Trollviser er i katalogen brukt i same tyding som i K. Liestøls bok: »Norske trollvisor og norrøne sogor«). Av slike finst det 35 færøyske typar, medan det norske tilskotet er 14 typar. Til

jamføring kan nemnast at vi har 10 danske og 8 svenske typar. Også trollvisene viser såleis ein klår færøysk dominans, og inntrykket av den blir endå sterkare markert når vi ser at av trollvisene er Færøyane åleine om 29 typar, medan Noreg er åleine om berre 6 typar. Dertil kjem at 1 type er sams færøysk-norsk.

I denne samanhengen kan det ha interesse å nemna noko særmerkt for dei færøyske kjempevisene. I vise-katalogen er det skilt ut ei spesiell undergruppe, eit slag mellomgruppe som utgjer ein overgang til trollvisene. Denne undergruppa har vi førebils kalla: *Viser med trollvise- eller trolldomsmotiv*. Det er tale om viser, der dei supranormale motiv er så viktige at dei blir retningsgjevande for innhald og handlingsgang. Her dominerer den færøyske tradisjonen totalt: Av 19 typar har Færøyane åleine 17. Av dei 2 som står att, finst 1 representert i dansk og svensk og 1 i islandsk.

Korleis kan vi finna ei rimeleg forklaring på dette? Det kan sjølv sagt vera vågeleg og kanskje misvisande å dra for vidtgåande konklusjonar berre på grunnlag av statistiske data. Men når den færøyske dominansen innanfor dei typisk vest-nordiske visegruppene er så stor og viser ein så eintydig tendens som i dette tilfellet, må vi likevel ha lov å rekne med at statistikken kan fortelja oss noko viktig om relasjonen færøysk-norsk.

Steller vi så desse data opp mot Liestøls og andres oppfatning, bygt på teorien om Noreg som moderland og Færøyane som ei norsk nybygd, så må konsekvensen bli at storparten av dei sær-færøyske kjempe- og trollvisene, som i alt utgjer 130 typar, ein gong må ha funnest også i Noreg, men seinare må ha døydd ut der. Eller som H. Grüner-Nielsen formulerer det i det nemnde skriftet (s. 17—18): »Men i Tidens Løb har det traditionelle Stof i den Grad holdt Flyttedag i Norge, at det Folkevisestof, der i 19. Aarhundrede træffes i norske Bygder for en meget stor Del er danske Ridderviser, indvandret fra Danmark, medens de middelalderlige norske Visetyper dengang delvis var forsvunden paa norsk Grund og

maa eftersøges dels blandt Digtningen paa Færøerne, dels i dansk-svensk Adelsoverleverings Omarbejdelser i 16. Aarhundrede«.

Ein slik »Flyttedag« kan vi kanskje rekna med i einskilde tilfelle. Det kan t. d. godt tenkjast at dei argument som er førde i marka i diskusjonen om DgF 7: »Kong Diderik og hans Kæmper« er så sterke at konklusjonen om norsk opphav blir ståande. Og noko liknande kan kanskje gjerast gjeldande for nokre viser som har henta emne frå den europeiske riddarlitteraturen som vart omsett til norrønt mål i 13. h. å., med Bergen som midtpunkt. Men kan vi godtaka denne store »Flyttedag« som allmenn regel?

Her kan det kanskje vera til nytte å ta fram nokre tal om relasjonane innanfor heile det nordiske viseområdet. Alle er samde om at Danmark har vore hovudlandet, der ein har funne største parten av kjende balladetypar. DgF åleine har over 500. Sameleis er det vanleg å gå ut frå at vi i dei andre nordiske land ventar å finna ein gradvis fallande skala av vise-typar. På grunnlag av dei gode registrantane i Svenskt Visarkiv har dr. Bengt Jonsson rekna ut at det har funnest 224 kjende svenske vise-typar. Dei svenske vise-kjeldene er relativt rike og rekk frå 1500-talet og fram til vår tid, så statistikken verkar realistisk. Og relasjonen svensk-dansk synest rimeleg. Skal vi så prøva å gjera oss opp ei meining om kor mange vise-typar har levd i Noreg, så ventar vi å koma fram til eit tal som så nokolunde svarar til det svenske. Men her er feilkjeldene også større, fordi vi i Noreg stort sett ikkje har kjennskap til visene før på 1840-talet, og at talet på utdøydde viser derfor kan vera større. Legg vi no til grunn dei 195 typane som er registrerte i Heggstad og Grüner-Nielsen: »Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting« og dertil etter Sophus Bugges katalog over eigne oppskrifter legg til ei gruppe skjemteviser i ballade-form, så vil vi få som resultat om lag 210 typar som har levd i Noreg. Men tek vi så konsekvensen av den eldre teorien, av H. Grüner-Nielsens store »Flyttedag«, så må vi plussa på over hundre færøyske viser som ein gong skal ha

funnest i Noreg. Då vil resultatet bli at Noreg må ha hatt mest hundre typar meir enn Sverige, og då melder den store tvilen seg. Resultatet verkar urimeleg.

Før eg går vidare, må eg ta ein kraftig reservasjon. Mine refleksjonar over relasjonen færøysk-norsk har på den eine sida teke utgangspunkt i K. Liestøls og andre samtidiges forskningsresultat, og på den andre sida i den nyleg utarbeidde ballade-katalogen. Men no er saka den at desse utgangspunkt kviler på heilt ulike føresetnader, dei kan ikkje direkte jamførast. Ei slik jamføring ville føra til at vi gjer urett mot dei eldre forskarane. Det viser seg nemleg at deira tankebanar og problemsstillingar var avgrensa til eit fiksert historisk tidsrom: høgmellomalderen, dvs. 13. og 14. h. å. Denne historiske ramma er særskilt tydeleg å merka hos Liestøl. Relasjonen færøysk-norsk vart dermed vurdert og konklusjonar dregne med tanke på tilhøva på ei tid då det med rette kunne hevdist at Noreg var eit moderland og Færøyane ei norsk nybygd. I motsetnad til Island var Færøyane eit norsk len frå midten av 1000-talet. Innanfor ei slik tidsramme kunne denne teorien seiast å vera relevant.

Men balladens liv rekk langt ut over 13. og 14. h. å., ikkje minst på Færøyane. I det lange tidsromet frå om lag 1400 til — lat oss seia — år 1700 har levekåra for visene endra seg mykje, og spreingsvegane til og frå Færøyane vorte meir differensierte. I denne tidbolken kan ein ikkje lenger med same rett tala om eit norsk moderland og ei færøysk nybygd.

I denne samanhengen får dei opplysningane den nye vise-katalogen legg fram, ei særskilt interesse. Den er ikkje bunden til ein avgrensa historisk tidbolk, men er ei registrering av det vi kunne kalla sluttresultatet av balladens liv i Norden, frå mellomalder og heilt fram til vår tid. Katalogen gjev ein-tydige vitnemål om ein sterk færøysk dominans innanfor det vestnordiske området når det gjeld kjempe- og trollvisene. Dette steller straks spørsmålet: Korleis skal dette forklarast? Teorien om den store »flyttedagen« i norsk visetradisjon er for urealistisk til å verka overtydande.

Ingen ting ville vera lettare enn å dra ei rekkje djerpe konklusjonar berre av det statistiske materialet som er lagt fram ovanfor. Men det vågar eg ikkje gjera, først og fremst fordi eg meiner at ein viktig føresetnad vantar, nemleg ei grundig gransking av dei sær-færøyske visene, deira genesis og liv i tradisjonen. Det som hittil er gjort på dette området, kan ikkje seiast å vera fullnøyande. Eg vil derfor til slutt berre leggja fram nokre personlege refleksjonar over problemet. Den store færøyske dominansen når det gjeld kjempe- og trollvisene synest meg å vera eit klårt vitnemål om ei sjølvstendig, sær-færøysk utvikling, med stendige nydiktingar, tildiktingar og omdiktingar på det gamle, tradisjonelle grunnlaget. Dette er også heilt naturleg når vi tenkjer på den viktige rolla dansen har spela for vise-kvedinga, til å halda levande den funksjonen visene har hatt i det færøyske samfunnet. Dette samlivet mellom dans og kveding må ha vore ein av dei viktigaste føresetnadene for at dette slaget dikting har vorte så rotfest på Færøyane, at dikting i ballade-form har kunna skyta nyrenningar like opp i vår tid. Slike vilkår har den gamle visediktinga ikkje hatt i noko anna nordisk land.

Ser vi visediktinga i det større historiske perspektivet som vise-katalogen gjev uttrykk for, så skulle det vera forsvarleg å hevda — førebils som ein hypotese — at E. von der Reckes oppfatning om Færøyane som hovudlandet innanfor det vestnordiske området kan haldast oppe. Avgjerande prov for teorien må vi overlata til den framtidige forskninga å leggja fram.

SUMMARY

Those engaged in Scandinavian ballad research are in agreement that they reckon with an East-Scandinavian and a West-Scandinavian region. Characteristic of the West-Scandinavian region are the heroic and troll ballads. The situation in Iceland is unique, so that for the most part the West-Scandinavian region comprises the Faroe Islands and Norway. In this case, which was the center for the composition of heroic and troll ballads, the Faroe Islands or Norway? There are two opposing opinions

here, the one represented by Knut Liestøl, Sverker Ek, and H. Grüner-Nielsen. They maintained that Norway was the most important area, with Bergen as the center of diffusion, and that a large number of the heroic and troll ballads spread from there to the Faroes. In opposition was the view of E. von der Recke, that the West-Scandinavian ballads had their center in the Faroes.

In recent years new material has appeared, which seems to cast new light on the Faroese-Norwegian relationship. This is a systematic catalog of the ballad compositions in the Schandinavian languages, prepared by Dr. Bengt Jonsson of the Svenskt Visarkiv and the author. Here the ballads are arranged in categories according to the traditional scheme: ballads concerning nature myths, ballads concerning legends, and so on. When it comes to the typical West-Scandinavian categories, the heroic and troll ballads, the catalog shows strong Faroese dominance. It is so unambiguous and so convincing, that there is reason to maintain the applicability of E. von der Recke's theory that the Faroe Islands were the most important area within the West-Scandinavian region.